Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Ved fullført emne: Studenten <ul style="list-style-type: none"> • har gode kunnskapar i russisk morfologi og syntaks, og også utdjupa innsikt i nokre utvalde grammatiske emne (som til dømes partisippar, bruk av lang- og kortformer av adjektiv, ordstilling o.a.). • er i stand til å analysere russisk språkstruktur og gjera greie for russiske grammatiske emne i samanlikning med norsk. • Har djupare innsikt i eit språkvitskapleg omgrepsapparat og analyse. • kan omsetja middels vanskelege tekstar innan ulike sjangrar frå norsk til russisk • kan utforma sjølvstendige, resonnerande tekstar på russisk og dermed visa at ein meistrar den teoretiske grammatikken i praksis. • kan setja russisk standardspråk i perspektiv som ein av fleire varietetar av russisk. • er godt budd på eit masterstudium i russisk, men òg i stand til å kunna vidareutvikla kunnskap og dugleik i disiplinen på sjølvstendig vis.
Krav til forkunnskapar	Begge disiplinane i RUS211 byggjer på RUS100, RUS111, RUS112, RUS113 og RUS114, og det blir kravd faglege føresetnader som svarer til desse emna.
Fagleg overlapp	Full fagleg overlapp med RUS201.
Undervisning og omfang Type Timar pr veke Veker	Russisk grammatikk går over eit heilt semester med 4 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil vera førelesingar. Skriftleg russisk går over eit heilt semester med 2 timar

	undervisning i veka. Undervisninga vil vera gjennomgang av skriftlege omsetjingar norsk-russisk og andre skriftlege arbeid og øvingar.
Obligatoriske arbeidskrav	Oppmøte til minst 70% av undervisninga. Det blir kravd at studentane leverer minst ei skriftlig oppgåve som svarar til ei eksamensoppgåve i disiplinen Russisk språkstruktur, og minst 70 % (7 av 10) av innleveringsarbeida i disiplinen Skriftleg russisk, der minst ein skal vera ein fritekst.
Vurderingsformer	Russisk språkstruktur: Skriftleg eksamen på 3-4 timar. Svara på oppgåvene skal skrivast på norsk. Skriftleg russisk (omsetjing til russisk): Skriftleg eksamen på 4 timar. Eksamen går over to dagar. Ved samanrekning av samla karakter i dei to disiplinane tel Russisk grammatikk 60 % og Skriftleg omsetjing 40 %. Studenten må ha ståkarakter i begge disiplinane. Begge vurderingsdelane må vera greidd i same semester.
Karakterskala	Ved sensur av emnet blir karakterskalaen A-F nytta, kor F er stryk.
Læremiddelomtale	Utvalde emne frå ein høveleg grammatikk, supplert med språkvitskapleg litteratur.
Undervisningsstad	Bergen og St. Petersburg
Emneevaluering	Emnet blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no eller studieveileder@if.uib.no

Emnekode	RUS 302
Emnenamn	Tekst og skriftleg russisk
Engelsk emnenamn	Text and Written Russian
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Norsk/russisk
Studienivå	Master
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar med studierett på masterprogrammet i russisk ved UiB.
Mål og innhald	Studentane skal skaffa seg større språkdugleik, først og fremst i det skriftlege. Dei skal utvida ordforrådet og stadfesta språkkjensla.
Læringsutbyte/resultat	Etter fullført emne: <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse Studentane <ul style="list-style-type: none"> • har god innsikt i eit russisk akademisk omgrepsapparat og kunnskap om korleis ein byggjer opp og formulerer eit akademisk essay på russisk.

	<ul style="list-style-type: none"> • har opparbeidd praktisk dugleik i å utforma akademiske tekstar gjennom arbeidet med heimeessayet og førebuinga til skuleessayet. • har øvd opp dugleik i å omsetja forholdsvis avanserte tekstar frå norsk til russisk. • har vidareutvikla dugleiken i å lesa og forstå tekstar innan ulike sjangrar, med hovudvekt på vitskapelege tekstar. • har utvida det generelle aktive og passive ordforrådet så vel som eit meir fagspesifikt akademisk vokabular, både munnleg og skriftleg. • er godt budde på å skriva ei masteroppgåve innan russiskfaget.
Tilrådde forkunnskapar	
Krav til forkunnskapar	
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	To doble timar kvar veke Tjue dobbelttimar med kursbasert essayskriving og omsetjingsøvingar. Undervisninga omfattar skriftleg omsetjing norsk-russisk, teoretisk og praktisk oppøving i essayskriving på russisk, tekstlesing og munnlege øvingar.
Obligatoriske arbeidskrav	Det er obligatorisk innlevering av 70% av omsetjingane, 8 av totalt 12, frå norsk til russisk, og av disposisjon og førsteutkast til heimeoppgåva (essayet). 8 av totalt 12, 7 av totalt 10, frå norsk til russisk, og ei heimeoppgåve (essay) på russisk på om lag 2000 ord, som skal leverast til fastsett frist. Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige i to semester utover inneverande semester.
Vurderingsformer	<p>1) Skuleeksamen på seks åtte timar med to oppgåver: 1) omsetjing frå norsk til russisk av ein tekst på omlag 300 ord og 2) eit essay på russisk på om lag 500 ord. På denne prøva kan ein nytta russisk-russisk ordbok.</p> <p>2) Mappedvurdering: Eksamensforma er ei mappe som inneheld ei oppgåve (essay) på russisk på om lag 2000 ord som skal leverast til fastsett frist. I tillegg skal alle studentar opp til ei tre timars intern prøve, der dei skal skriva eit essay på russisk på om lag 500 ord. På denne prøva kan ein nytta russisk-russisk ordbok. Mappa får ein samla karakter. Oppgåva tel 70% og prøva tel 30% av den samla karakteren.</p> <p>Ved fastsetjing av endeleg karakter tel skuleeksamen i omsetjing 40% og mappedvurderinga 60%. Begge vurderingsdelane må vera greidd i same semester.</p> <p>Ved samanrekning av samla karakter tel heimeessayet 40% og skuleeksamen 60%. Eksamen blir arrangert berre i undervisningssemesteret.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, kor F er stryk.
Læremiddelomtale	Studentane skal lesa eit pensum med variert sakprosa og skjønnlitteratur. Pensumet blir sett saman av studentane i samråd med faglærar og dannar grunnlaget for essayskrivinga.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Emnet blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studieveileder@if.uib.no

Programstyret for spansk vedtok 27.1.2016 følgende endringer

BAHF-SPLA

SPLA100

- **Obligatorisk undervisningsaktivitet:** Innføring av 70 % obligatorisk oppmøte på gruppeundervisningen

SPLA108

- **Vurderingsformer:** Redaksjonelle språklige presiseringer

MAHF-SPLA

SPLA311, SPLA312, SPLA313

- **Mål og innhold:** Lagt til avsnitt om at 2 timer skal brukes til innføring i hvordan skrive en prosjektskisse, mulige tema for masteroppgaven og aktuelle veiledere.

SPLA350

- **Vurderingsformer:** Lagt til avsnitt om at studenter har mulighet til å levere masteroppgave på nytt i samme fag dersom den er helt ny eller veldig omarbeidet.

Språkpakken med spansk

SPLA100H

- **Obligatorisk undervisningsaktivitet:** Innføring av 70 % obligatorisk oppmøte på gruppeundervisningen

SPANDI101H

- **Vurderingsformer:** Endring i hvilket språk hjemmeeksamen skal skrives på. Fra spansk eller norsk til halvparten på spansk og andre halvparten på norsk.

SPANDI201H

- **Fagleg overlapp:** Fjernet faglig overlapp med SPANDI201 som ikke eksisterer.
- **Obligatorisk arbeidskrav:** Presisering av hvilket språk det muntlige innlegget skal holdes på og hva det er knyttet til. Presisering av antall praksisdager.
- **Vurderingsformer:** Vurderingsmappen skal ikke være veiledet. Begge tekstene som inngår i vurderingsmappen skal skrives på spansk, ikke en på spansk og en på norsk

Didaktikkemner

SPANDI111

- **Emnenavn:** Kuttet «integrert», og gitt riktig nummerering.
- **Vurderingsformer:** Redaksjonelle språklige presiseringer. Endring fra at en kunne skrive på enten norsk eller spansk, til at en må skrive på spansk.

SPANDI101

- **Emnenavn:** Kuttet «integrert», og gitt riktig nummerering.
- **Vurderingsformer:** Endring fra at en skulle skrive på spansk, til at halvparten skrives på spansk og den andre halvparten på norsk.

DIDASPA2

- **Læringsutbytte:** Lagt til et nytt punkt under læringsutbytte.

I tillegg kommer mindre redaksjonelle, språklige endringer

Kategori	Tekst
Emnekode Course Code	SPLA100
Namn på emnet, nynorsk	Introduksjon til spansk språk og latinamerikastudium
Namn på emnet, bokmål	Introduksjon til spansk språk og latinamerikastudium
Course Title, English	Introduction to Spanish and Latin American Studies
Studiepoeng, omfang ECTS Credits	10
Studienivå (studiesyklus) Level of Study	Bachelor
Fulltid/deltid Full-time/Part-time	Fulltid
Undervisningsspråk Language of Instruction	Spansk og norsk
Undervisningssemester Semester of Instruction	Haust
Undervisningsstad Place of Instruction	Bergen
Mål og innhald Objectives and Content	Studentane skal få eit godt grunnlag for eit akademisk studium av spansk språk og latinamerikansk litteratur og kultur gjennom å få ei elementær innføring i dei tre disiplinane.
Læringsutbytte Learning Outcomes	Etter fullført emne har studentane kjennskap til hovudlinene i spansk grammatikk og uttale. I tillegg har dei fått ei første innføring i latinamerikansk litteratur og kultur. Dei har opparbeidd god leseevne og kan uttrykkja seg munnleg og skriftleg på eit enkelt akademisk spansk. SPLA100 gjev grunnlag for vidare studium i spansk språk og latinamerikansk litteratur og kultur.

Krav til forkunnskapar Required Previous	Ingen
Tilrådde forkunnskapar Recommended previous Knowledge	Spansk innføringskurs eller spanskkunnskapar på språknivå 2 frå vidaregåande skule.
Studiepoengsreduksjon Credit Reduction due to Course Overlap	
Krav til Studierett Access to the Course	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning Teaching Methods and Extent of Organized Teaching	<p>Kurset går over heile haustsemesteret (12 veker) med minimum 4 timar undervisning i veka. Undervisningsformene vil vera førelesingar kombinert med gruppeundervisning.</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.</p>
Obligatorisk undervisningsaktivitet Compulsory Assignments and Attendance	<p>Ingen</p> <p>Det blir kravd at studentane deltek på minimum 70 % av gruppeundervisninga for å få gå opp til vurdering i emnet.</p> <p>Det obligatoriske arbeidskravet er gyldig i eitt semester etter undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformer	<p>I emnet nyttar ein følgjande vurderingsformer:</p> <ul style="list-style-type: none"> Ein avsluttande skriftleg eksamen på 4 timar. Eksamensspråket er spansk på litteratur- og kulturdelen, og spansk eller norsk på grammatikkdelen. Eksamen kan bli digital.
Hjelpemiddel til eksamen Examination Support Material	
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.

Vurderingssemester Assessment Semester	Haust/Vår
Litteraturliste	<i>Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.12. for vårsemesteret.</i>
Emneevaluering Course Evaluation	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Programansvarleg Programme Committee	<i>Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.</i>
Emneansvarleg Course Coordinator	
Administrativt ansvarleg Course Administrator	<i>Det humanistiske fakultet ved institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.</i>
Kontaktinformasjon Contact Information	<i>Studierettleiar kan kontaktast her:</i> Studierettleiar@if.uib.no

Kategori	Tekst
Emnekode Course Code	SPLA108
Namn på emnet, nynorsk	Latinamerikansk litteratur I
Namn på emnet, bokmål	Latinamerikansk litteratur I
Course Title, English	Latin American Literature I
Studiepoeng, omfang ECTS Credits	10
Studienivå (studiesyklus) Level of Study	Bachelor
Fulltid/deltid Full-time/Part-time	Fulltid
Undervisningsspråk Language of Instruction	Spansk
Undervisningssemester Semester of Instruction	Vår
Undervisningsstad Place of Instruction	Bergen
Mål og innhald Objectives and Content	<p>Emnet gjev kunnskapar om sentrale delar av moderne spanskamerikansk litteratur, med hovudvekt på tendensar i samtidslitteraturen.</p> <p>Studentane skal arbeida med eit representativt utval tekstar, sjangrar og epokar, og utvikla ei analytisk forståing for eigenarten ved tekstane. Studiet skal gjeva innsyn i sentrale tema og problemstillingar innan spanskamerikansk litteratur, og studentane skal utvikla evne til å analysera fagstoff og trekkja eigne slutningar.</p>

<p>Læringsutbytte</p> <p>Learning Outcomes</p>	<p><u>Kunnskap:</u></p> <p>Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> • har kunnskap om representative tekstar, sjangrar og straumdrag innan moderne spanskamerikansk litteratur. • har tileigna seg grunnleggjande tekstanalyse. <p><u>Dugleik:</u></p> <p>Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan lesa og tolka moderne litterære verk på spansk • kan uttrykkja seg skriftleg og munnleg på spansk, både om litteraturfaglege emne og meir ålment <p><u>Grunnkompetanse:</u></p> <p>Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan analysera fagstoff og trekkja eigne slutningar. • kan vidareutvikla sin kunnskap, dugleik og forståing gjennom vidare studium og yrkesliv.
<p>Krav til forkunnskapar</p> <p>Required Previous</p>	<p>Ingen formelle krav, men all undervisninga skjer på spansk og føreset gode spanskkunnskapar.</p>
<p>Tilrådde forkunnskapar</p> <p>Recommended previous Knowledge</p>	<p>Spansk innføringskurs eller spanskkunnskapar på språknivå 2 frå vidaregåande skule.</p>
<p>Studiepoengsreduksjon</p> <p>Credit Reduction due to Course Overlap</p>	<p>SPLA102 (10 stp), SLAN614 (10 stp)</p>
<p>Krav til Studierett</p> <p>Access to the Course</p>	<p>Emnet er ope for alle med studierett ved UiB, og for lærarstudentar som har fått opptak gjennom samarbeidsavtale med Høgskulane i UH-nett Vest.</p>
<p>Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning</p> <p>Teaching Methods and Extent of Organized Teaching</p>	<p>Hovuddelen av undervisninga er førelesingar, der pensumtekstane vert kommenterte og analyserte. Det vert lagt vekt på både litteraturhistorisk kontekst og på formelle og tematiske kvalitetar ved tekstane. Det vert dessutan arbeid i mindre grupper med språk, innhald og kommentar av utvalde tekstar.</p> <p>Det vert førelesingar fire timar i veka i ti veker. Det vert lagt opp til gruppearbeid med fokus på tekstanalyse og munnleg og skriftleg dugleik, så langt ressursane tillét det.</p> <p>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før</p>

	semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.
Obligatorisk undervisningsaktivitet Compulsory Assignments and Attendance	<p>Det er to obligatoriske oppgåver: eit kort skriftleg samandrag av ein litterær tekst og ei munnleg innleiing til ein tekstkommentar. Desse må utførast innan fristen for desse aktivitetane. Oppgåva vurderast til godkjent/ikkje godkjent.</p> <p>I samsvar med UiB sitt grads- og studiereglement har studentane høve til å få eit nytt forsøk per oppgåve, om ei eller fleire av dei ikkje vart godkjende ved fyrste innlevering. Begge dei to oppgåvene må vera godkjende før ein kan gå opp til endeleg vurdering i emnet.</p> <p>Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige i eitt semester etter undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformer Forms of Assessment	<p>I emnet nyttar ein følgjande vurderingsformer:</p> <ul style="list-style-type: none"> Vurderinga skjer på grunnlag av ein munnleg eksamen. På den munnlege eksamenen skal studenten halda ein presentasjon på 10-12 minuttar over eit tema som vert gjeve av faglærer ei veke før eksamen. I etterkant av presentasjonen vil studenten bli eksaminert i andre delar av eit anna emne frå pensum. Karakteren vert sett på grunnlag av både presentasjonen og samtalen i etterkant. Eksamensspråket er spansk.
Hjelpemiddel til eksamen Examination Support Material	<p>Studentane kan nytta eittspråkleg og tospråkleg (t.d. norsk-spansk/spansk-norsk) ordbok godkjend av instituttet på eksamensdagen. Studentane må sjølve ta med ordbøker til eksamen, og halda seg orienterte om og retta seg etter reglane som gjeld for kontroll av ordbøkene.</p>
Karakterskala Grading Scale	<p>Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.</p>
Vurderingssemester Assessment Semester	<p>Vår/Haust</p>
Litteraturliste	<p>Pensum (om lag 400 sider) er sett saman av eit utval litterære tekstar (romanar, drama, noveller og dikt), i hovudsak henta frå spanskamerikansk samtidslitteratur. I tillegg kjem eit litteraturhistorisk referanseverk eller litteraturhistorisk oversyn henta frå antologi.</p> <p>Pensumutvalet tek sikte på nokolunde lik fordeling mellom kvinnelege og manlege forfattarar.</p>

Emneevaluering Course Evaluation	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Programansvarleg Programme Committee	<i>Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.</i>
Emneansvarleg Course Coordinator	
Administrativt ansvarleg Course Administrator	<i>Det humanistiske fakultet ved institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.</i>
Kontaktinformasjon Contact Information	<i>Studierettleiar kan kontaktast her:</i> Studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPLA311
Emnenamn	Teori og metode i spansk lingvistikk
Engelsk emnenamn	Theory and Methods in Spanish Linguistics
Studiepoeng	10
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Spansk
Studienivå	Master
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar med studierett på masterprogrammet i spansk språk og latinamerikastudium ved Universitetet i Bergen.
Mål og innhald	<p>Emnet skal innehalda minst fire av fylgjande komponentar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Spansk språk som studiemål (innleiing) - Metodar i spansk dialektologi - Metodar i spansk sociolingvistikk - Spansk i kontakt med andre språk - Spansk språk og kultur - Nye trendar innan spansk lingvistikk - Korpuslingvistikk - Munnleg språk <p>Arbeidet med diverse metodar innanfor spansk lingvistikk skal gje studentane større innsikt og dugleik i moderne spansk språkvitskap.</p> <p>Analyse av arbeid skrivne om spansk språkvitskap (spanske dialektar, lingvistiske atlas, sociolingvistikk, etnolingvistikk, språkkontakt m m) skal gje studentane eit kritisk syn og utdjuing i forskingsarbeidet med spansk språk.</p> <p>Det vert òg gjeve ei innføring i korleis ein kan skrive ei prosjektskisse, kva som kan være aktuelle tema for masteroppgåva og om aktuelle rettleiarar. Ca to timar er sett av til dette.</p>
Læringsutbyte/resultat	<p>Studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • har kjennskap til moderne tilnæringsmåtar innan spansk språkvitskap, og kjenner hovudlinene i dei ulike metodane og teknikkane språkforskarar har brukt i analysen av spansk i dei siste 70 åra. • har innsikt i teoretiske og metodiske problemstillingar innanfor spansk språkvitskap. • er i stand til å gjera greie for hovuddraga i moderne måtar å arbeida med spansk språk på. • kan skilja mellom desse metodane og arbeida med dei. • har eit grunnlag for å halda fram med forskingsverksemd innan latinamerikansk og europeisk spansk språk.
Tilrådde forkunnskapar	Ingen
Krav til forkunnskapar	
Fagleg overlapp	

<p>Undervisning og omfang</p> <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<p>Det vert gjevne førelesingar og seminar i ulike språkvitskaplege disiplinar som kan nyttast i studiet av spansk, ein dobbelttime per veke i 12 veker.</p>
<p>Obligatoriske arbeidskrav</p>	<p>Den rettleidde oppgåva som vert omtalt under Vurderingsformer skal leverast til rettleiing i løpet av semesteret. Det er òg obligatorisk for studentane å møta til rettleiing til avtala tidspunkt. Rettleiing per e-post vil berre bli gitt i heilt særskilte høve og etter søknad til instituttet. Fristane for innlevering av utkastet blir kunngjord i samband med seminaret.</p> <p>Det obligatoriske arbeidskravet er gyldig i eitt semester etter undervisningssemesteret.</p>
<p>Vurderingsformer</p>	<p>Studentane skriv ei rettleidd oppgåve (essay) på ca. 4000 ord på spansk, pluss bibliografi. Tema for oppgåva blir godkjent av faglærer, og oppgåva blir vurdert av ein eksamenskommisjon i slutten av semesteret.</p>
<p>Karakterskala</p>	<p>Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.</p>
<p>Læremiddelomtale</p>	<p>Ca. 500 sider henta frå diverse arbeid i spansk språkvitskap frå ca. 1950 til i dag.</p> <p>Studentane skal som hovudregel leggja opp det pensumet som ligg til grunn for undervisninga det gjeldande semesteret.</p> <p>Alternative pensum kan godkjennast etter grunngjeven søknad til fagmiljøet. I undervisningsfrie semester gjeld opplegget frå semesteret før som standardpensum.</p>
<p>Undervisningsstad</p>	<p>Bergen</p>
<p>Emneevaluering</p>	<p>Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system.</p>
<p>Kontaktinformasjon</p>	<p>studierettleiar@if.uib.no</p>

Emnekode	SPLA312
Emnenamn	Teori og metode i latinamerikansk litteraturvitskap
Engelsk emnenamn	Latin American Literary Theory and Methodology
Studiepoeng	10
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Spansk
Studienivå	Master
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar med studierett på masterprogrammet i spansk språk og latinamerikastudium ved Universitetet i Bergen.
Mål og innhald	<p>SPLA312 er eit innføringsemne på 10 studiepoeng i litterær teori og metode med relevans for studiet av latinamerikansk litteratur. Det vert gjeve ei innføring i litteraturteoretiske grunnlagsproblem og arbeidd med eit utval moderne litteraturteoretiske retningar.</p> <p>Det vert òg gjeve ei innføring i korleis ein kan skrive ei prosjektskisse, kva som kan være aktuelle tema for masteroppgåva og om aktuelle rettleiarar. Ca to timar er sett av til dette.</p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p>Etter fullført emne har studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • kjennskap til sentrale problemstillingar innan litteraturteori med relevans for studiet av moderne latinamerikansk litteratur • evne til å analysere litterære tekstar på grunnlag av moderne teori og metode • eit kritisk og reflektert syn på litterær teori og metode • evne til å presentere og diskutere ulike litteraturteoretiske problemstillingar på spansk
Tilrådde forkunnskapar	Ingen
Krav til forkunnskapar	
Fagleg overlapp	
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Det blir gjeve seminarundervisning to timar i veka i tolv veker, der det er ein føresetnad at studentane deltek aktivt gjennom semesteret.
Obligatoriske arbeidskrav	Innanfor undervisningsperioden skal studentane halda to munnlege presentasjonar relaterte til pensum. Val av tema skjer i samråd med faglærar, og målet er at studentane skal få øving både i å presentere og i å bruka utvalde teoriar på litterært tekstmateriale. Arbeidskrava må vera godkjende av faglærar før studentane kan gå opp til endeleg eksamen. Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige i eitt semester etter undervisningssemesteret.
Vurderingsformer	Vurderinga skjer på grunnlag av ein munnleg eksamen. På den munnlege eksamenen skal studenten først halda ein presentasjon på 20-30 minuttar over eit tema som vert gjeve av faglærar 14 dagar før eksamen. I etterkant av presentasjonen vil studenten og sensorane samtala om innhaldet i presentasjonen

	og eventuelt andre relevante tema knytte til dette. Karakteren vert sett på grunnlag av både presentasjonen og samtalen i etterkant.
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Eit pensum på 350-400 sider inneheld litteraturteori og eit mindre utval litterære tekstar for å syna praktisk bruk av teori og metode. Studentane skal som hovudregel leggja opp det pensumet som ligg til grunn for undervisninga det gjeldande semesteret. Alternative pensum kan godkjennast etter grunngjeven søknad til fagmiljøet. I undervisningsfrie semester gjeld opplegget frå semesteret før som standardpensum.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPLA313
Emnenamn	Teori og metode i latinamerikansk historie og kulturkunnskap
Engelsk emnenamn	Theory and Methodology in Latin American History and Cultural Studies
Studiepoeng	10
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Spansk
Studienivå	Master
Krav til studierett	Emnet er ope for studentar med studierett på masterprogrammet i spansk språk og latinamerikastudium ved Universitetet i Bergen.
Mål og innhald	<p>Emnet skal gi innsikt i ulike teoriar og metodar nytta i forskning på latinamerikanske samfunn. Det vil bli diskutert kva historie og kulturkunnskap er i eit latinamerikansk perspektiv, og korleis desse har vore tolka i frå ulike teoretiske ståstader i ulike historiske periodar. Studentane vil i tillegg verta introduserte for ei rekkje metodar nytta i forskning på latinamerikanske samfunn og ulike typar kjeldemateriale, og ein vil visa korleis desse kan brukast for å kasta lys over ulike typar problemstillingar i eit forskingsarbeid som omhandlar latinamerikansk historie og kultur.</p> <p>Det vert òg gjeve ei innføring i korleis ein kan skrive ei prosjektskisse, kva som kan være aktuelle tema for masteroppgåva og om aktuelle rettleiarar. Ca to timar er sett av til dette.</p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p>Etter fullført emne har studenten kjennskap til korleis synet på latinamerikansk historie og latinamerikanske samfunn har endra seg over tid. Studenten har også innsikt i ulike metodar og ulike typar kjeldemateriale nytta i forskingsarbeid som omhandlar latinamerikansk historie og kultur, og korleis eit slikt arbeid kan byggjast opp.</p> <p>Studenten har i tillegg innsikt i korleis historiefaget har blitt forstått og praktisert i ein latinamerikansk kontekst. Studenten kan reflektera over teoretiske innfallsvinklar, og vurdere tilhøvet mellom spørsmål og val av metode i eit forskingsarbeid som omhandlar latinamerikansk historie og kultur.</p>
Tilrådde forkunnskapar	Ingen
Krav til forkunnskapar	
Fagleg overlapp	
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Førelesingar og/eller seminar, to dobbelttimar per veke i 6 veker.
Obligatoriske arbeidskrav	Ingen
Vurderingsformer	Vurderingsforma i emnet er ein fem dagars heimeeksamen der studentane skal skriva ei oppgåve på ca. 3500 ord.

Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	<p>Ca. 550 sider henta frå læreverk og artiklar som omhandlar historisk teori og metode innan historisk forskning.</p> <p>Studentane skal som hovudregel leggja opp det pensumet som ligg til grunn for undervisninga det gjeldande semesteret. Alternative pensum kan godkjennast etter grunngjeven søknad til fagmiljøet. I undervisningsfrie semester gjeld opplegget frå semesteret før som standardpensum.</p>
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPLA350
Emnenamn	Mastergradsoppåve i spansk språk og latinamerikastudium
Engelsk emnenamn	Spanish Language and Latin-American Studies - Master's Thesis
Studiepoeng	60
Undervisningssemester	Vår og haust
Undervisningsspråk	Spansk
Studienivå	Master
Krav til studierett	Emnet er ope for alle masterstudentar i spansk språk og latinamerikastudium ved UiB.
Mål og innhald	Masteroppgåva utgjer den viktigaste delen av masterstudiet, og er normert til to semester med intensivt arbeid. Tema for masteroppgåva kan etter samråd med faglærer i prinsippet veljast fritt, men vil i praksis vere styrt av kapasiteten på faget. Tema og problemstilling for masteroppgåva skal vere knytte til éin av hovuddisiplinane i faget. Masteroppgåva skal skrivast på spansk og bør normalt ha eit omfang på 70-110 sider.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p>Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> • har brei generell kunnskap innanfor faget og djupnekunnskapar innanfor eit avgrensa område • har grunnleggjande kunnskap om dei sentrale problemstillingane og metodane i den valde disiplinen • kan arbeida sjølvstendig og langsiktig med problemløysing på grunnlag av faglege kunnskapar • kan setja seg inn i og vurdera kritisk teoriar, metodar og tolkingar innanfor fagområdet • kan skaffa seg og nytta kunnskap på nye område innanfor faget • kan gjennomføra eit avgrensa forskings- eller utviklingsprosjekt under rettleiing og i tråd med gjeldande forskningsetiske normer • kjenner normene for akademisk skriving • kan bruka IKT-verktøy som er naudsynte for å gjennomføra eit sjølvstendig arbeid innanfor fagområdet • kan sjølvstendig halda fram med eiga kompetanseutvikling og spesialisering • kan uttrykkja på spansk faglege problemstillingar, analysar og konklusjonar innanfor eige fagområde • kjenner til relevante kommunikative sjangrar • kan ta del i den offentlege debatten der denne rører ved fagområdet
Tilrådde forkunnskapar	Ingen
Krav til forkunnskapar	
Faglig overlapp	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Alle som har studieplass på masterstudiet, har rett til individuell rettleiing i samsvar med ressursane på faget. Totalt har studenten krav på 30 timar med rettleiing.
Obligatoriske arbeidskrav	Som eit førebauende ledd i arbeidet med masteroppgåva, må studentane levera ei prosjektskisse. Fristen for å levera

	<p>prosjektskissa er 1.april/1. oktober i studenten sitt andre semester. Meir informasjon om utforminga av prosjektskissa blir gitt ved semesterstart.</p> <p>Rettleiing er obligatorisk. Student og fagmiljø skal teikna ein innbyrdes forpliktande rettleiingskontrakt seinast i andre semester, oftast etter vurdering av prosjektskissa og alltid i samsvar med ressursane på faget. Tema for masteroppgåva skal godkjennast av rettleiar.</p> <p>Det er mogleg for studenten å byte tema undervegs. Ved byte av rettleiar skal ny rettleiingskontrakt underteiknast.</p>
Vurderingsformer	<p>Ei masteroppgåve skriven på spansk på 70-110 sider med justerande munnleg eksamen. Det er to fristar for innlevering av masteroppgåva kvart semester: 1. februar og 15. mai i vårsemesteret, og 1. september og 20. november i haustsemesteret.</p> <p>Etter at masteroppgåva er vurdert, blir det halde ei munnleg prøve. Dette er ein samtale kring problemstillingar i masteroppgåva, og kan endra den endelege karakteren med éin bokstavkarakter.</p> <p>Ein student har, etter søknad, høve til å levere masteroppgåva på nytt i same fag i fall oppgåva er heilt ny eller så omarbeidd at ho kan vurderast som ny, jamfør Utfyllande reglar for gradsstudium ved Det humanistiske fakultetet.</p>
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPLA100H
Emnenamn	Introduksjon til spansk språk og latinamerikastudium
Engelsk emnenamn	Introduction to Spanish and Latin American Studies
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Spansk og norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for lærarstudentar som har fått opptak gjennom samarbeidsavtale med Høgskulane i UH-nett Vest.
Mål og innhald	Studentane skal få eit godt grunnlag for eit akademisk studium av spansk språk og latinamerikansk litteratur og kultur gjennom å få ei elementær innføring i dei tre disiplinane. Det vert lagt hovudvekt på spansk språk og undervisninga fokuserer både på grammatikk og på praktisk språkbruk.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Etter fullført emne har studentane kjennskap til hovudlinene i spansk grammatikk og uttale. I tillegg har dei fått ei første innføring i latinamerikansk litteratur og kultur. Dei har opparbeidd god leseevne og kan uttrykkja seg munnleg og skriftleg på eit enkelt akademisk spansk. SPLA100H gjev grunnlag for vidare studium i spansk språk og latinamerikansk litteratur og kultur.
Tilrådde forkunnskapar	Spansk innføringskurs eller spanskkunnskapar på språknivå 2 frå vidaregåande skule.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Fagleg overlapp	SPLA100 (10 stp.)
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Kurset går over heile haustsemesteret (12 veker) med minimum 6 timar undervisning i veka. Undervisningsformene vil vera førelesingar kombinert med gruppeundervisning.
Obligatoriske arbeidskrav	Ingen Det blir kravd at studentane deltek på minimum 70 % av gruppeundervisninga for å få gå opp til vurdering i emnet. Det obligatoriske arbeidskravet er gyldig i eitt semester etter undervisningssemesteret.
Vurderingsformer	Ein avsluttande skriftleg eksamen på 6 timar. Eksamensspråket er spansk.
Karakterskala	Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.

Læremiddelomtale	Pensum (ca. 300 sider) vil vera på spansk, og vil innehalda både oversiktsverk i spansk grammatikk og utdrag frå verk om latinamerikansk kulturkunnskap og litteratur.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPANDI101H
Emnenamn	Fagdidaktikk i årsstudium i spansk for lærarstudentar
Name of course unit	Didactics in one-year programme in Spanish for teacher students
Studiepoeng	5
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Spansk og norsk.
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for lærarstudentar som har fått opptak gjennom samarbeidsavtale med Høgskulane i UH-nett Vest.
Mål og innhald	Emnet har som målsetjing å gje studentane ei grunnleggjande innføring i fagfeltet spanskdidaktikk innan desse tre hovudområda: - Spanskfaget si legitimering og eigenart - Språklæring - Språk, tekst og kommunikasjon
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Studentane skal : - ha innsikt i sentrale styringsdokument for skolefaget - ha kunnskap om spanskfaget si utvikling som skolefag - kunna bruka kunnskapane dei har skaffa seg i studiet av dei andre spanskfaglege disiplinane i høve til fagdidaktiske spørsmål knytte til sentrale teoriar om språk, tekst, kommunikasjon og språklæring - kunna uttrykkja seg munnleg og skriftleg på spansk innan fagfeltet.
Tilrådde forkunnskapar	Spansk innføringskurs eller spanskkunnskapar på språknivå 2 frå vidaregåande skule.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Fagleg overlapp	SPANDI101 (5 stp)
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Førelesingar: 14 timar (2 timar/veke i 7 veker) Seminar: 2 timar (med obligatorisk framlegging)
Obligatoriske arbeidskrav	For å få gå opp til eksamen må studentane ha lagt fram eit sjølvstendig arbeid der dei analyserer eit språkfagleg spørsmål i lys av fagdidaktisk teori. I tillegg må studentane ha gjennomført fem dagar skoleerfaring med for- og etterarbeid (om lag 6 timar).
Vurderingsformer	Eksamensforma er ein heimeeksamen (7 dagar) med oppgjeve emne, ca 2500 ord. Retningsliner for oppgåva vert gitt i studiet. Oppgåva skal skrivast på spansk eller norsk. Halvparten av heimeeksamen skal skrivast på norsk, den andre på spansk. Nærare informasjon blir gitt i studiet.

Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum utgjer om lag 350 sider av normal vanskegrad. Institutt for framandspråk gjev forslag om spesifisert pensumliste i emnet.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPANDI201H
Emnenamn	Fagdidaktikk i årsstudium i spansk for lærarstudentar
Name of course unit	Didactics in one-year programme in Spanish for teacher students
Studiepoeng	5
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Spansk og norsk.
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for lærarstudentar som har fått opptak gjennom samarbeidsavtale med Høgskulane i UH-nett Vest
Mål og innhald	Emnet har som mål å gi studentane ei vidare innføring i fagfeltet spansk fagdidaktikk innanfor to hovudområde: <ul style="list-style-type: none"> • Språk, tekst og kultur: kompetanse og danning • Tekstforståing og læringsprosessar
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<u>Kunnskap:</u> Kandidaten <ul style="list-style-type: none"> • har innsikt i spansk som dannels- og dugleiksfag. • har kunnskap om sentrale fagdidaktiske omgrep. • har innsikt i teoriar om språk og kommunikasjon. <u>Dugleik:</u> Kandidaten <ul style="list-style-type: none"> • kan bruka dei tileigna omgrepa i analyse av læringsprosessar i spanskfaget. • kan uttrykkja seg munnleg og skriftleg på spansk innan fagfeltet. <u>Grunnkompetanse:</u> Kandidaten <ul style="list-style-type: none"> • kan analysere fagstoff og trekkja eigne slutningar. • kan vidareutvikla sin kunnskap, dugleik og forståing gjennom vidare studium og yrkesliv.
Tilrådde forkunnskapar	30 studiepoeng i årsstudium i spansk inkludert 5 studiepoeng spansk fagdidaktikk.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Fagleg overlapp	SPANDI201 (100%)
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Førelesingar, seminar og rettleiing. 2 timar per veke i 8 veker

Obligatoriske arbeidskrav	<p>For å kunne gå opp til eksamen må studentane seinast fire veker før eksamen få godkjent eit munnleg innlegg på spansk (ca. 10 minuttar) knytt til mappetekstane, pensum og praksis. Studentane utarbeider innlegget i samråd med faglærer. Manuskriptet til innlegget skal leverast samstundes med innlegget.</p> <p>I tillegg må studentane ha gjennomført normalt 10 og fått godkjent til saman femten dagar skuleerfaring (fem dagar om hausten og ti dagar om våren) med for- og etterarbeid (om lag 6 timar). Praksisperioden blir gjennomført i samråd med emneansvarleg og rettleiar i skulen.</p> <p>Rettleiing knytt til vurderingsmappa er òg obligatorisk.</p>
Vurderingsformer	<p>Vurderinga skjer på grunnlag av ei retteia vurderingsmappe med to tekstar på til saman om lag 2500 ord, ikkje medrekna innhaldsliste, litteratur og vedlegg. Tekstane skal skrivast på spansk. Ein tekst skal skrivast på norsk, den andre på spansk. Dei to tekstane tel båd 50 % av samla karakter.</p> <p>Nærare retningsliner for oppgåvene vert gitt i studiet.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum utgjer om lag 350 sider av normal vanskegrad. Institutt for framandspråk gjev forslag om spesifisert pensumliste i emnet.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPANDI111
Emnenamn nynorsk	Fagdidaktikk i spansk for Integrert i lektorutdanninga 3 2
Emnenavn bokmål	Fagdidaktikk i spansk for Integrert i lektorutdanningen 3 2
Name of course unit	Subject Related Spanish Didactics in Teacher Education 3 2
Studiepoeng	5
Undervisningssemester	Haust. 7. semester i Integrert lektorutdanning for studentar som tek faget som fag II.
Undervisningsspråk	Spansk og norsk.
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er berre ope for studentar som er tekne opp til Integrert lektorutdanning ved UiB.
Mål og innhald	<p>Emnet har som mål å gi studentane ei vidare innføring i fagfeltet spansk fagdidaktikk innanfor to hovudområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Språk, tekst og kultur: kompetanse og danning • Tilrettelegging for læring <p>Studiet skal vidareutvikle den fagdidaktiske kunnskapen studenten har frå 100-nivå og saman med djupare fagkunnskap, pedagogikk og praksis leggje grunnlag for reflektert undervising i spanskfaget i skolen. Emnet skal medverka til at studentane utviklar ein faglæraridentitet der dei tar heile sin faglege basiskompetanse i språk, kultur og litteratur i bruk som ressurs i undervisinga.</p>
Læringsutbyte/resultat	<p>Etter å ha studert emnet skal studentane:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse <ul style="list-style-type: none"> • ha innsikt i språk, tekst og sjanger og kunne sjå desse i eit kulturperspektiv • ha innsikt i spansk som dannelsesfag og dugleiksfag • kunne lage undervisningsopplegg der arbeidsformer, arbeidsmateriale og innhald er knytte til grunnleggjande fagforståing og innsikt i læringsprosessar i spanskfaget • kunne uttrykkje seg munnleg og skriftleg på spansk innan fagfeltet • ha innsikt i korleis spanskfagleg kunnskap kan utviklast på ulike måtar i høve til ulike elevgrupper, på ulike nivå og ulike skuleslag
Tilrådde forkunnskapar	
Krav til forkunnskapar	PEDA111 samt minimum 55 studiepoeng i spansk på 100-nivå inkludert 5 studiepoeng spansk fagdidaktikk.
Fagleg overlapp	
Undervisning og omfang	Forelesing: Totalt 12 timar fordelt på seks veker.

<ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<p>Seminar: 2 timar</p> <p>Om det meldar seg færre enn fem studentar til eit emne kan instituttet innføre redusert undervising. På emne der dette kan verta aktuelt vil studentane få informasjon om det ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. september/1. februar, sidan emnet har midtsemestereksamen i vårsemesteret.</p>
<p>Obligatoriske arbeidskrav</p>	<p>For å kunne gå opp til eksamen må studentane ha lagt fram eit sjølvstendig arbeid der dei presenterer eit undervisningsopplegg og drøftar dette i lys av fagdidaktisk teori.</p>
<p>Vurderingsformer</p>	<p>Eksamensforma er 7 dagars heimeeksamen med oppgitt emne, ca 2500 ord.</p> <p>Vurderinga skjer på grunnlag av ein heimeeksamen (7 dagar) på om lag 2500 ord over eit oppgjve emne.</p> <p>Retningsliner for oppgåva heimeeksamen vert gitt i studiet.</p> <p>Oppgåva skal skrivast på norsk eller spansk.</p> <p>Heimeeksamen skal skrivast på spansk.</p>
<p>Karakterskala</p>	<p>Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.</p>
<p>Læremiddelomtale</p>	<p>Pensum utgjer om lag 350 sider. Vanskegrada er tilpassa nivået på emnet</p>
<p>Undervisningsstad</p>	<p>Bergen</p>
<p>Emneevaluering</p>	<p>Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system.</p>
<p>Kontaktinformasjon</p>	<p>studierettleiar@if.uib.no</p>

Emnekode	SPANDI101
Emnenamn nynorsk	Fagdidaktikk i spansk for integrert lærarutdanning i lektorutdanninga 1
Emnenavn bokmål	Fagdidaktikk i spansk for integrert lærarutdanning i lektorutdanningen 1
Name of course unit	Subject-Related Spanish Didactics in Teacher Education 1
Studiepoeng	5
Undervisningssemester	Femte semester for studentar som tek spansk som fag II.
Undervisningsspråk	Spansk og norsk.
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Opptak til integrert lektorutdanning ved Det humanistiske fakultet, UiB.
Mål og innhald	Emnet har som målsetjing å gje studentane ei grunnleggjande innføring i fagfeltet spanskdidaktikk innan desse tre hovudområda: - Spanskfaget si legitimering og eigenart - Språklæring - Språk, tekst og kommunikasjon
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Studentane skal: - ha innsikt i sentrale styringsdokument for skolefaget - ha kunnskap om spanskfaget si utvikling som skolefag - kunna bruka kunnskapane dei har skaffa seg i studiet av dei andre spanskfaglege disiplinane i høve til fagdidaktiske spørsmål knytte til sentrale teoriar om språk, tekst, kommunikasjon og språklæring - kunna uttrykkja seg munnleg og skriftleg på spansk innan fagfeltet.
Tilrådde forkunnskapar	30 studiepoeng i spanskfaglege emne.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Fagleg overlapp	SPANDI101H (5 stp)
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Førelesingar: 14 timar (2 timar/veke i 7 veker) Seminar: 2 timar (med obligatorisk framlegging) Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart, og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.
Obligatoriske arbeidskrav	For å få gå opp til eksamen må studentane ha lagt fram eit sjølvstendig arbeid der dei analyserer eit språkfagleg spørsmål i lys av fagdidaktisk teori.

	I tillegg må studentane ha gjennomført skolebesøk (om lag 3 dagar) med for- og etterarbeid. Skolebesøket er knytt til fagdidaktikk og pedagogikk.
Vurderingsformer	Eksamensforma er ein heimeeksamen (7 dagar) med oppgjeve emne, ca 2500 ord. Halvparten av heimeeksamen skal skrivast på norsk, den andre på spansk. Nærare informasjon blir gitt i studiet. Retningsliner for oppgåva vert gitt i studiet. Oppgåva skal skrivast på spansk.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum utgjer om lag 350 sider av normal vanskegrad. Institutt for framandspråk gjev forslag om spesifisert pensumliste i emnet.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	DIDASPA2
Emnenamn	Fagdidaktikk i spansk 2
Studiepoeng	7,5
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Spansk og norsk
Studienivå	Bachelor eller master
Krav til studierett	Opptak til 1-årig praktisk-pedagogisk utdanning ved Universitetet i Bergen.
Mål og innhald	<p>Fagdidaktikk i spansk inngår som ein del av spansklærerutdanninga ved universitetet.</p> <p>Spanskdidaktikk 2 (DIDASPA2) er ei vidareføring av Spanskdidaktikk 1 (DIDASPA1).</p> <p>Sentralt i emnet er spørsmål knytte til korleis spanskfagleg kunnskap kan verte utvikla og relatert til det å vere spansklærer. Særs viktig er det å utvikle forståing for eigen språkkompetanse og innsikt i språket, og innsikt i eigne læringsprosessar kan vere bidrag i arbeidet med å leggje til rette for språklæring.</p> <p>Eit grunnleggjande spørsmål er kva det vil seie å kunne spansk i dagens samfunn.</p> <p>Spesielt viktig er det å utvikle innsikt i læring i spansk som mangfaldige og individuelle prosessar.</p> <p>Når det er mogleg, er studiet organisert slik at noko av undervisninga er tilbod på tvers av språkfaga for å understreke ein kunnskapsteoretisk samanheng og danningmålsetjingar for språkfaga i skolen.</p> <p>Studiet er sett saman av fire målområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • faget sin eigenart og utvikling • teoriar om tekst, kommunikasjon og språklæring • tilrettelegging for spansklæring og utvikling av elevane si innsikt i eiga læring • lærarstøtte og vurdering
Læringsutbyte/resultat	<p>Gjennom studiet skal studentane utvikle innsikt i spanskfaget sitt kultur- og danningspotensial og kunne gjere greie for faget si utforming og samfunnsmessige grunngeving både historisk og i eit samtidsperspektiv. Dei skal setje seg inn i teoriar om tekst, kommunikasjon og språklæring og kunne bruke desse i arbeidet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap

